



Julemesse, advents- og julekonserter

Les meir på side 3



Namna minnelund

Kuventræ gravplass blir ferdigstilt no i haust.

Side 6



Det skjer i kyrkjelyden

Les om ulike arrangement som skjer.

Side 7



Gjevartenesta

Gje ei gåve til fellesskapet

Side 8

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

REDAKSJON:

Gerhard Hansen og kyrkjestaben.

ADRESSE:

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os
Besøksadresse: Øyro 49

UTGJEVAR: Os sokneråd

ANSVARLEG REDAKTØR:

Gerhard Hansen

LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:

Picapoint Studio
www.picapoint.no

FOTO FRAMSIDE:

Os sokneråd

TRYKK: Borge Grafisk AS

OPPLAG: 8.460 stk

OS SOKNERÅD:

Postboks 209 - 5202 Os

LEIAR:

Anne Turid Bjørnevik, Mob. 454 62 598
antu-bjo@bkkfiber.no

KYRKJEKONTORET I OS:

Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.

E-post: post@os.kyrkja.no

Kontortid: måndag-fredag kl.09-14



Kyrkje i vår tid

Den norske kyrkja er ikkje lenger statskyrkje. Og kyrkja er i endring.

Den posisjon kyrkja hadde berre nokre 10-år tilbake er endra. Det veks fram mange nye alternative forsamlingar. Religionar som var dominerande i austen er blitt vanlege og store her i Noreg.

Det utfordrar folket og det utfordrar kyrkja. Den sentrale og framskotne posisjonen Den norske kyrkja har hatt er redusert. Og mange små og store fordeler som kyrkja hadde plukkast bort. No sist frå oktober får ikkje kyrkja informasjon om nyfødde og kan difor ikkje lenger sende invitasjon til dåp.

No er neppe den invitasjonen nye foreldre fekk avgjerande for om ein ville bære barnet til dåp. Slike spørsmål hadde og har nok dei fleste foreldre alt tenkt igjennom. Men invitasjonen var ofte ei praktisk påminning og rettleiing om korleis ein skal gå fram for å melde til dåp.

Unge folk er trygge og erfarne med nettbruk og digitale verktøy. Når ein googler «Dåp i Os» kjem ein fort fram til kyrkjelyden sin informasjonsside og vidare til påmelding til dåp. For mange har dette vorte både enklare og raskare og påmelding kan skje når det passer best i heimen.

Utvikling av nye digitale løysingar er derfor ein del av arbeidet vi satsar på i Os, - og

etter kvart for kyrkja i Bjørnafjorden kommune. Informasjon, påmeldingar, tinging av kyrkjelege tenester vil vere tilgjengeleg i større grad på nett.

Men viktigaste er likevel møte mellom menneskje. Fellesskapen der vi kan få helse på kvarandre. Snakke med kvarandre. Stadfeste kvarandre.

I vekene fram mot jul vil mange tusen osingar vitje kyrkjene våre. Mange konsertar og teaterforestilling (Elle Melle Englespel). Adventsvandringar for barnehagar. Skulegudstenester. Lys vaken for 11-åringar (11-åringar inviterast til overnatting i kyrkja både i Os og på Nore Neset).

Dette i tillegg til dei vanlege gudstenestene kvar sundag. Der vi får dele fellesskapen om Ord og Sakrament. Ordet skal forkynnast inn i vår tid, men bodskapen er den same. Om Gud som elsker oss og vil gjere oss frie.

Guds omsorg for oss endrar seg ikkje, - så får rammevilkår og handlingsrom på andre måtar tilpasse seg.

Gerhard A. Hansen
KYRKJEVERJE





Julemesse

Det er tradisjon med julemesse i Os. I fjor fekk vi teste ut kva vi kan få til når vi tek heile Tunet kyrkje- og kultursenter i bruk.

Tekst: Gerhard A. Hansen

Det var blide folk over alt. Nokon spiste vaflar og drakk kaffi. Andre spelte ulike spel eller deltok i konkurransar. Kor og grupper hadde underhaldning. Stort engasjement rundt loddkjøp, åresal og tombola. Sal på loddbøker; kanskje vinn eg sykkel, tursekk, DAB+-radio eller Lego? Eller den flotte dokka med klede og seng?

Du kan oppleve det same i år; laurdag 24. november kl 10-15.

Då kan du vinne på lynlotteri, både kaker og fruktkorg. Er du riktig heldig og tipper rett vekt på pinnesida, kan den bli di og julemiddagen er redda for berre ein 10-ar.

Som vanleg er det salsmesse, med flott og kortreist heimkast. Både brød, rundstykker, lefser og mange gode julekaker. Ulike handarbeitsprodukt (t.d. bakstefjøl og skoskjei), heimestrikka sokkar og meire til.

Midt på formiddagen får du høve til å kjøpe deg laurdagsgraut eller betasuppe. Det blir underhaldning og småprat, og enda ein omgang med åresal. Det er mange gevinstar å hente. Det er viktig å finne seg plass på vinnarbordet; - det er alltid eit bord som har ekstra vinnarlukke!

Også i år vil vi tilby fotografering. Passer flott for par og familiar som vil ha eit godt foto og sende til familie og venar i julehelsing. Dyktig fotograf syter for skarpe digitale bilete som du får på e-posten din. Desse filane kan du få utskrevet hjå fotobutikk eller sende elketroniske helsingar. Kanskje blir bilete så fint at du vil ha det på veggen heime?

All inntekta på julemessa går til kyrkjelyden sitt barne- og ungdomsarbeid. I 2017 fekk vi inn meir enn 160-tusen som er fordelt etter ønskjer og behov.

Advents - og julekonserter for 2018

Nornekor

2. desember kl 18.00, Os kyrkje

Eldretreff Adventskonsert

4. desember kl 12.00, Os kyrkje

Os vocalis

6. desember kl 19.00, Os kyrkje

Os musikkforeningen

9. desember kl 18.00, Os kyrkje

Fonos

9. desember, kl 17.30 og 20.00 i Oseana

Lyshornet Brass og Lysekoret

12. desember, kl 19.00 i Nore Neset kyrkje

Kongshaug musikkgyrmas

14. desember, kl 07.30 i Os kyrkje morgenkonsert

Kongshaug julekonserter

15. desember, kl 16.00 og 19.00 i Os kyrkje

Nyttårsjazz i Tunet

30. desember, kl 19.00 i Storsalen med Helge Haukås

Os mannskor

Nyttårskonsert i januar

Velkommen til Julemesse

- Messa opnar kl 10.00
- Underhaldningsinnslag og åresal kl 11.00, 12.00 og kl 14.00
- Laurdagsgraut og suppe kl 13.00
- Salsmesse handarbeid og heimebakst
- Lotteri
- Tombola
- Fotografering
- Spel og aktivitetar
- Hovudtrekking lotteri kl 14:30

VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtalar via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på kirkens-sos.no



Å snakke med folk om livet gir mening.



Ungdomshappeningen i TUNET, 21. september

Då dørene opna klokka 19.00 kom rundt 50 unge, og det myldra i TUNET før showet starta klokka 20.00 i Storsalen.

Tekst: Inger-Johanne Haugland

Der var Ruben Gazki klar med eit forrykande, og etter kvart ettertenksamt trylleshow. Med imponerande presisjon og fingerferdigheit, trylla han vekk både papirballar og andre ballar, kort og pengar.

Ikkje berre det, med glimt i auget viste han oss kor lett vi let oss lure, og kor lett han får oss til å tenkje det han vil vi skal tenkje. Ruben Gazki lærte oss på meisterleg vis korleis hjernen vår fungerer, korleis vi oppfattar verda, og korleis vi kan nytte denne kunnskapen til å ta meir kontroll over eigen situasjon.

Han avslutta med budskapet om korleis Gud ser oss, og at vi ikkje må la oss lure av nokon til å tru om oss sjølve at vi ikkje er noko, for vi er skapt av Gud og Han ser på oss med kjærleik.

Etter showet vart det lovsong med musikarar frå Kongshaug gymnas. Så stod tacobordet dekkja og det såg ut til at maten smakte fortreffelig. Arrangementet varte til kl 22.00. Det var ein kjekk kveld for unge og vaksne som var med på arrangementet.

Arrangermentskomité:

Ungdomsarbeidet v/Lars Joar Hillelan og Roar Evjedal og Inger-Johanne Haugland.



Ungdomshappening lovsagnsband

Hilde Elis Davidsen-Tingvatn
på scena



Inger-Johanne blir lurt av Gazki





Første søndag i november er det Allehelgensdag

Tekst: Ingrid Vik

Denne dagens navn tilsier at det dreier seg om helgener. Men det er også blitt en minnedag for de døde. Minnemarkeringer for de døde, er blant de eldste kristne skikkene.

I oldkirken var det først og fremst martyrene, de som ble drept for sin kristentro, som ble minnet. Etter hvert som forfølgelsene av de første kristne sluttet, ble også andre kristne som hadde levd et spesielt forbilledlig liv minnet, og også de ble kalt helgener.

Mange helgener har sin egen minnedag; i Den norske kirke feirer vi tre slike helgendager, nemlig Stefanus (den første av martyrene), Olav den hellige og dobbeltfeiringen av apostlene Peter og Paulus. I tillegg til dem som ble minnet med sin egen dag, oppstod behovet for en egen minnedag for alle de navnløse kristne som gjennom sitt liv og/eller sin død hadde vist seg som forbilder.

Fra slutten av 700-tallet ble denne dagen satt til 1. november, og den er blant de største festdagene i kirkeåret. Også i de lutherske kirkene minnes vi helgener, selv om det ikke har en så fremstående plass som i f.eks. den romersk-katolske kirke.

I Den augsburgske bekjennelse står det i artikkel 21: «Om helgendyrkelsen lærer de at man kan minnes de hellige, for at vi skal etterligne deres tro og gode gjerninger, enhver etter sitt kall.» Allehelgensdag fortsatte derfor å være en stor festdag etter reformasjonen. Fra 1770 ble den lagt til første søndagen i november. Fremdeles er den en feiring av helgenene, og den liturgiske fargen er hvit, som er festfargen i Den norske kirken. Den skal markere det kristne håpet om oppstandelsen.

Men i forbindelse med feiringen av helgenene, ble det etter hvert behov for å minnes alle kristne som er døde. I den romersk-katolske og noen andre kirker er denne markeringen lagt til 2. november, altså dagen etter. I Den norske kirke

har den mer og mer gått sammen med Allehelgensdag. Derfor er denne dagen for mange en viktig minnedag, der de minnes sine kjære.

De siste tiårene er det blitt stadig mer vanlig å tenne lys på gravene. De fleste kirker har en form for minnemarkering, enten i forbindelse med hovedgudstjenesten eller som en egen minnegudstjeneste. Da sendes det ofte ut egen invitasjon til dem som har mistet noen i løpet av året som er gått. Mange steder arrangeres det også kirkekonsserter og andre minnearrangement. Sammen blir disse tradisjonene en markering av at kirkens fellesskap består både av de som lever i dag og de som er døde i det kristne håpet om evig liv. Det markeres blant annet når det kirken lovpriser Gud i nattverdliturgien med ordene: «din menighet i himmelen og på jorden priser ditt navn med samstemmig jubel».

(Teksten er hentet fra nettsiden: kirken.no)

Velkommen til minnegudstjeneste 4. november

I våre kirker Nore Neset og Os kyrkje inviterer vi til minnegudstjeneste.
Nore Neset kl. 11.00 – 12.00, og Os kyrkja kl. 19.00-20.00



Denne gudstjenesten er en tradisjon mange har satt pris på der muligheten for at minner, tanker og følelser blir omfavnet av kirken sitt rom, fellesskap og vår kristne tro.

Denne dagen kan være en slik dag der man kan komme med livet slik det er, og bli minnet om håpet og trøsten som den kristne troen gir i møte med sorgen og døden. Det hjelper oss å leve i tro og håp og kjærlighet.

I gudstjenesten vil vi og minnes de som døde i tiden frå oktober 2017 til oktober 2018. Vi nevner hver enkelt og tenner et lys. På den måten vil vi takke for deres liv, og be om Guds velsignelse over oss sjølv.



Denne steinen skal påsetjast horisontale metallskinner.

Namna minnelund

Kuventræ gravplass er under utviding og vil venteleg bli ferdigstilt (endeleg!) no i haust

I Os er det årleg omkring 100 gravferder. Desse fordeler seg ganske likt mellom vanleg kistegravferd og bisetjing/kremasjon. Det er urnegraver på alle dei tre gravplassane. På den utvida Kuventræ gravplass vert det fleire typer urnegraver:

- A. Urnegrav med tradisjonelt gravminne
- B. Urnegrav med skilt på mur
- C. Namna minnelund

Litt nærare om dei ulike alternativa:

A. Det er eit eige rundt felt der gravene står i ring. Her skal det vere gravminner i nærare bestemt storleik. I kvar av desse gravene er det plass til inntil 4 urner.

B. Det er nokre urnegraver bak støttemurane på det nye gravplassområdet. I kvar av desse gravene er det plass til inntil 4 urner. Desse gravene skal ikkje ha vanleg gravminne, men persondata skal graverast inn i eit skilt som vert festa på ein metall-list.

C. Namna minnelund har eit felles gravminne. På dette gravminne skal det monterast metallskinner. Desse skinnene er festebakgrunn for namneplate med personopplysningar om avlidne. Urna vert sett ned på eit gravfelt ved sidan av gravminnet. Ein har ikkje noko markering på den einskilde grav, men har dette på det store felles gravminnet. Blomar kan ein sette i vasar el liknande. Gravferdsforvaltninga vil syte for at Namna minnelund gjennom året er velstelt og forsynt med blomar som er tilpassa årstida.


Denne siste gravtypen (C) vil venteleg vere eit godt alternativ for pårørande som ikkje så lett kan sjå til grava. Det er ikkje uvanleg at næraste slekt bur andre stader enn Os. Tur til Os og vitjing til grava kan bli med lange mellomrom. Da kan det vere godt å vite at grava likevel vert stelt, og minne om slekta vert teke vel vare på.

Ein fordel med val av grav etter alternativ B og C er at kostnad til skilt og stell av fellesområdet er sett til kr 3175,- (2019). Det inkluderer namneskilt og stell av fellesområdet i 20 år. Dei som vel ein vanleg urnegrav, vil oftast sette opp eit gravminne. Gravminne kostar gjerne frå 10-12-tusen

kroner og oppover; etter storleik og type.

Når ei grav vert teken i bruk er det friperiode på 20 år. Etter 20 år kan ein vidareføre grava og gravminne mot å betale festeavgift.

Festeavgift for urnefelt vil frå 2019 vere 323,-/år. For vanlege kistegraver er festeavgifta 588,-/år. Festeavgifta vert kravd inn for 5 år av gongen.



Bilde syner namna minnelund frå Åsane. Bergen har merka ei sterk auke i bruk av namna minnelund, og må auke dette tilbodet for å dekke behovet.

Mormor, mat og andakt

Det blir lansering av kunstbok og framføring av eit nytt musikkverk.

Boka *Mormor, mat og andakt* reiser på turné på Vestlandet hausten 2018 og kjem til Os 22. november. Gjennom både gode og vonde historier møter du familien til Johanna Askeland (f.1917). Johanna er tilfeldigvis også mor til seniorprest i Os, Knut Ivar Askeland.


Mormor, mat og andakt er eit kunstprosjekt av og med pianist, komponist og forfattar Else Olsen Storesund. Ho har nytta mormora si, Johanna Askeland frå Tysvær, som kjelde i prosjektet, som skildrar eit djupt religiøst livssyn, takksemd, nøysemd og det å sjå seg sjølv i eit større bilete gjennom tekst, illustrasjonar og musikk. Biletkunstnar er Caroline Ho-Bich-Tuyen Dang.

Else Olsen S. presenterer små, kontekstuelle historier frå boka, knytt til bedehusmiljøet

og tida frå 1940-70-talet. Dette er ei husmor og bondekvinne sine eksistensielle refleksjonar i sitt 101 år. Prosjektet formidlar også ein del av identiteten vår på Vestlandet, og korleis me kan sikra etterkommarane våre kunnskap om denne kulturen, den pietistiske og oppofrande haldninga til livet, gjennom eit kunstnarleg og engasjerande tilsnitt.

Musikken dreier seg om kunstnarleg formidling av den gøynde og gløymde bedehussjangeren (salmar frå ca. 1900-1960), som har vore viktig i bedehusmiljøet på Vestlandet.

Else Olsen S. er pianist, komponist og kunstnarleg forskar, utdanna frå blant anna Norges musikkhøgskole.



TITT-arrangement
22. november kl
20.00

Elle, melle englespill

av og med Brønn Produksjoner.

Forestillingar i Nore Neset kyrkje mandag

3. desember kl. 16.30 og kl 18.00

Basert på Simon Flem Devolds «Simons adventsbok». Manus av Brønn Produksjoner Musikk/tekster av Hilde Trætteberg Serkland Musikere er Eivind Waage Austad og Øivind Stømer. Skuespillere er Kristin Trætteberg, Sigrid Trætteberg og Hilde Trætteberg Serkland.

Billettar: kr. 100,- pr.pers

Familiebilett: kr. 400,-

I salg på: Tunet/kyrkjekontoret

Den store julefortellinga, slik den er blitt fortalt gjennom generasjonar, er ramma for denne forestillinga. Samtidig er dette ei fortelling om å kjenne seg annleis, redd og aleine. Ei fortelling om det å ikkje få ting til. Og ei fortelling om venskap. Ariel er den minste engelen i Paradis. Han er veldig surrete, og gløymmer at det heiter "Ære være Gud i det høgste".



I staden syng han "Elle melle Gud i det høgste". Og får kjeft av erkeengelen Gabriel. Etter kvart møter Ariel den mørkeredde gjeterguten Jakob, som har gløymt å passe på sauene sine, og prinsessa Sara, som samlar på alt mulig rart. Ho er dottera til ein av dei Heilage Tre Konger. Sara har gått seg vill. Men sjølv om dei kvar for seg har ting dei ikkje får til - så finn dei tre barna saman vegen til stallen, lenge før de vaksne.



Gode tilbud til barn

Alle born i aldersklassen er velkomne. Invitasjon til tiltaka vert sendt til føresette av born som enten er døypt eller har foreldre registrert som medlem i kyrkja sitt register. **Du melder deg på kvart enkelt tiltak via : os.medarbeideren.no**

Adventskalender 3-åringar

Laurdag 10. november kl 12.00-14.00

Vi markerer advent med ei koseleg adventsstund, vi lagar noko kjekt, et graut saman og deler ut adventskalener. Du er velkommen i ; Søre Øyane Bedehus, Nore Neset Kyrkje, Lunde Barneskule, Tunet Kyrkje- og kultursenter og Søfteland Bedehus.

LørdagsSprell

17. november kl 11 - 13,

Velkommen til ein barne- og familieaktivitet i Nore Neset kyrkje! Her syng vi, leiker, høyrer ei bibelforteljing, lagar noko kjekt og et graut saman til slutt. Sosialt for både born og vaksne.

Lys Vaken for 11-åringar

Vi feirar inngangen til advent med aktivitet og overnatting i kyrkjerommet.

■ Os Kyrkje: 17.-18. november. ■ Nore Neset Kyrkje: 1.-2. desember.

Familiekoret ShubaDubs

- startar ny sesong torsdag 17. januar

Vi avsluttar årets sesong 29.nov, og startar opp att i det nye året - torsdag 17. januar kl. 1730-1830. Born mellom 3-5 år saman med ein vaksen er hjarteleg velkomne. Vi øver kvar 14. dag

Tunet barnekor

Oppstart etter nyttår

Vi avsluttar årets sesong rundt adventstider og startar opp igjen torsdag 17.januar, i Tunet på Os. Alle 1. - 4.klassinger er hjarteleg velkomne!

TweenSing

Oppstart etter nyttår

Vi avsluttar årets sesong rundt adventstider og startar opp igjen tirsdag 15.januar kl 18 - 19.30.


Er du 5. - 7.klassing?

Då er du hjarteleg velkommen! Nore Neset kyrkje er staden.

Tårnagent helg

26-27. januar 2019

Vi ynskjer alle 3. klassingar velkomne til ei helg med mystikk og utforsking av kyrkja.



Myldregudsteneste i Nore Neset Kyrkje

11. november kl. 1100

Velkomen til ei livleg familiegudsteneste med innslag av familiekoret ShubaDubs og babysong.



KYRKJEVAL 2019

Forutan val til kommune- og fylkestinget, kan alle som er medlem av Den norske kyrkja (DnK) avgje stemme ved kyrkjevalet.

Kyrkjevalet er to ulike val:

- val til det lokale soknerådet i Os
- val til bispedømerådet.

Soknerådet (SR) har ansvar for arbeid i soknet (gudstenester, diakoni, kyrkjemusikk, kyrkjelydsarbeid). Soknerådet vel og mellom seg 2 medlemmer til kyrkjeleg fellesråd for nye Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.

Fellesrådet har arbeidsgjevaransvar for tilsette i kyrkja lokalt (ikkje prestetenesta), bygging og drift av kyrkjer og gravplassar, og forvaltingsoppgåver knytt til desse områda. Fusa sokneråd skal og velje 2 representantar til kyrkjeleg fellesråd. Vidare vel kommunestyret eit medlem og biskopen peiker ut eit medlem til fellesrådet.

Kven kan nominerast til kyrkjevala?

Soknerådsvalet

Medlemmer av DnK buande i Os og som er over 18 år kan nominerast til soknerådsvalet. Os sokneråd har ansvar for å sette ned ei nominasjonsnemnd. Det er vanleg at nominasjonsnemnda spør ulike kandidatar om han/ho vil stille til val. Ut frå dei kandidatane dei har fått postiv tilsagn frå vert det sett opp ei prioritert valliste.

Bispedømerådsvalet.

Bispedømerådet oppnemner ei nominasjonsnemnd og alle sokneråd i

Björgvin får høve til å melde inn mogelege kandidatar. Nominasjonsnemnda gjer framlegg om ei valliste. Denne vallista kan ein krevje tilleggs-kandidatar til på nærare bestemte vilkår.

Kven kan stille lister

Soknerådsvalet

Nominasjonsnemnda som SR har sett ned vil utarbeide ei liste. Vidare kan andre ta initiativ til å lage ei anna liste. Kravet er at det er 10 medlemmer av DnK i Os som står bak som forslagsstillere. Forslagsstillarar kan og vere mellom dei som skal stå på val-lista. Frist for innsending av val-liste for godkjenning er 30. april 2019.

Det er valstyret(=SR) som skal formalgodkjenne listene. (sjå til at dei som er forslagsstillarar (medlem DnK) og at dei på val er valbare.) Valstyret kan ikkje gjere endringar på lista som t.d. rekkefølge, kjønnsbalanse, el liknande.

Bispedømerådsvalet

Det er også her høve for ulike grupperingar å stille alternativ liste. Sjå nærare reglar for dette på www.kyrkja.no.

Kven skal styre kyrkja her i Os

Formalkravet er at dei som skal veljast er over 18 år og er medlem av DnK. Kyrkja i Os og Bjørnafjorden treng folk som er glad i kyrkja og vil vere med å utvikle kyrkja/kyrkjelyden i Os i vår tid.

Kva skal kyrkja vere? Kulturberar for kristen tradisjon og tru. Vere viktig samlingstad og rettleiar i ulike overgangsfasar/merkedagar i livet (dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd). Forkynne evangeliet som Jesus brakte til oss inn i vår tid og våre liv. Vere ein god og inspirerende arbeidsgjevar for kyrkja sine tilsette.

I DnK er det rom for mange meiningar, men vi står saman i trua på Gud. Kyrkja gir ikkje berre rom for meningsmangfall, men treng meningsmangfall for å vere ei folkekyrkje for mange.

ADVENTMØTE

Tirsdag 6/12 kl 19:00 i
eldstova, Tunet Kyrkje og
kultursenter.

Adventstanker ved Svante Havåg
Song og musikk ved Ellen og Linda
Haugland. Risgraut. Kaffi.

Aktuelt med dåp?

Ta kontakt med kyrkjekontoret. Alle udøpte er velkomne til dåp i kyrkja, anten ein er vaksen, ungdom eller lite barn.

Det er slutt på at kyrkjekontora får fødselsmedlingar frå folkeresiteret. Difor kan vi ikkje lenger senda ut invitasjon til dei av medlemmane våre som har fått born, slik vi har gjort til no. Dette betyr at foreldre sjølv må ta kontakt med kyrkjekontoret. Informasjon om dåp i Os kyrkjelyd finn du på heimesida vår. Her er oversyn over gudstenester med dåp, tilgang til internettpåmelding, og informasjon om dåp generelt.

Ta kontakt med oss, anten via heimesida:

<https://kyrkja.no/nn-NO/fellesrad/os/dap1/>
eller på telefon 56 57 24 00. Mandag – fredag kl 09:00-14.00

OS HAGESERVICE 
alt innen hage

**Vi lager hageplan,
murer, legger stein,
lager plen og planter
busker og trær.**

56 57 66 77 99 00 80 80
www.oshageservice.no





Gjevartenesta

- Gje ei gåve til fellesskapet

Kor mykje pengar kan forsvinne frå kontoen din kvar månad utan at du merkast ved det ? 50 kroner? 100,-? 500,-? 1000,-? Eller meir ?

Uansett hva svaret er – kyrkjelyden treng nye faste gjevarar. Du er kanskje ein av dei som er utfordra på slik teneste før, men så har det ikkje blitt noko av det. Mitt lille bidrag betyr så lite. Eller det har vore tungvint å få det til.

Soknerådet har ein draum. Det er så mange ting vi vil vere med å gje støtte til og auke innsats på. Barnearbeid. Ungdomsarbeid. Kyrkjeleg omsorgsarbeid (diakoni). Musikk. Kulturarbeid. Trusopplæring. Vi har eit fantastisk kyrkje- og kultursenter i TUNET. Renter og avdrag utløyser trong for ei raus gjevarteneste for at vi ikkje skal redusere innsats på andre viktige områder. Kommune og stat bidrar med midlar til drift av kyrkjer, gravplassar og naudsynt menneskap til forvaltning og drift av kyrkjene. Men vi som er ein

del av kyrkjelyden må bidra for å få til eit rikt og variert kyrkjelydsarbeid. Vi har alle råd til eit bidrag.

Kvar veke er fleire hundre personar innom Tunet eller kyrkjene vår. Dei deltek i kor, klubbar, foreiningar, Koinonia, Ten sing, konfirmantarbeid, speidar, - og ikkje minst gudstenester. Dersom vi får 200 personar/familiar til å gje 200 kr kvar månad kan vi betale ned lånegjelda på Tunet mykje raskare og frigjere midlar til meir aktivitet.

**Til dykk som alt er med i gjevartenesta:
Takk for trufaste bidrag. :)**

Korleis bli med ?

- ★ Kom innom kyrkjekontoret og fyll ut skjema om avtalegiro. Da vert du trekt for avtalt beløp kvar månad. (Fordel: Trekket går automatisk kvar månad på avtalt dato.)
- ★ Sett opp fast trekk i nettbank og overfør beløp til konto 3201 53 23506

(Fordel: Trekket går automatisk kvar månad på avtalt dato.)

- ★ Bruk Vipps; søk opp Os kyrkjelyd (vippsnr 20250) og vel «offer og gåver» og vipps i vei. (Fordel; dette kan du gjere så ofte du vil og så lenge du har pengar på konto. Ulempen er at du må kanskje minnst på å vippe regelmessig; det er lett å gløyme.)

SKATTEFORDEL

Stortinget har bestemt at gåver til kyrkjelyden er skattefrie. Minstebeløp som kan meldast inn er kr 500,-/år. Heile 40-tusen kan ein føre opp som skattefri gåve.

I praksis betyr det at kvar 100-lapp du gir i gåve, i realiteten barre belaster lommeboka di med 78 kroner. 22 kroner er skattereduksjon.

Ver ikkje redd for å kontakte oss på kyrkjekontoret. Vi kan gje hjelp og råd. Og kvifor ikkje gjere det alt denne veko ?

OS SOKNERÅD v/ kyrkjevevja



TUNET

Kyrkje- og kultursenter

Det nye TUNET har mange lokaler til ulike formål. Alle er velkomne til å leige - anten det er dåpsfest, konfirmasjon, minnesamvær, bryllup eller andre merkedagar. Eller kanskje eit møte av ulike slag?

Kontakt kyrkjekontoret for avtale om leige og leigevilkår

Telefon 56 57 24 00






Sokneprestens hjørne: Dåp i alle aldre

Ved livets grenser aner vi det, vi er en del av noe større. I en av våre dåpssalmer heter det om det nyfødte barnet: «øynene speiler Guds himmel, gir oss et glimt av Gud».

Ny i verden, hjelpeløs. Totalt avhengig av å bli tatt vare på. Som nybakt mor tenkte jeg at det er godt det er en som er enda mer glad i barnet mitt enn meg: Han som formet det i mors liv. Det var godt og trygt å få legge det i Guds hender i dåpen. Født inn i en familie og født på nytt inn i det kristne fellesskapet.

Dåpen er en gave fra Gud. Mange blir døpt i løpet av de første levemånedene. Men det er og en god del som ikke blir døpt som spedbarn. Det er ingen øvre eller nedre aldersgrense for dåp i Den norske kirke. Som kirke tar vi imot dem som ønsker dåp med «takk og glede» - greier vi å formidle det? Vi håper det, for det er stort å få ta imot små barn, større barn, ungdom, voksne og eldre til dåp i Guds hus.

Oppdraget ble gitt til 11 menn for 2000 år siden: Gå ut i hele verden, døb og lær. Og ikke minst: Dere er aldri aleine.



Som nevnt et annet sted i bladet har vi ikke lenger lov til å sende invitasjon til nybakte foreldre. Men opplysninger om dåp finnes på hjemmesiden vår, og vi er tilgjengelige på telefonen i kontorets åpningstider. Lurer du på hva som skjer når det er et større barn, en ungdom eller voksen som ønsker dåp. Kanskje trenger du å låne en dåpskjole? Ta kontakt

Margrethe Holmboe Askeland
SOKNEPREST

Kristine Fjeld - ny kyrkjeverje

Os sokneråd tilsette Kristine Fjeld som ny kyrkjeverje i Os og Fusa, - og etter kvart skal ho vere kyrkjeverje i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd når Os og Fusa kommunar vert slegne saman frå 2020.

Kristine vaks opp i Fana i Bergen. Ho og familien bur no på Sørlandet, men flyttar vestover på nyåret og vil starte opp som kyrkjeverje primo februar 2019.

Vi ønskjer Kristine velkomen til kyrkjeverjestillinga. Kyrkjebladet kjem med ei nærare presentasjon av Kristine på nyåret.

Os sokneråd



Den store stjerna som steig i aust (92)

Ein song som Trygve Hoff og Svein Gundersen skreiv til Sissel Kyrkjebøs juleplate i 1987. Både plata og songen blei ein kjempesuksess. 2. desember 1987 kunne avisene melde at Sissel Kyrkjebø hadde slått alle salsrekordar med juleplata si. Same dagen døydde Trygve Hoff.



Andrew Paul Holman
KANTOR

*Den store stjerna som steig i aust
med ljøs over verda,
tende vår von for framtidserda
i heimsens mørke haust.
Den store stjerna gjer oss fri
med sitt bod no ved juletid.*

*Den store stjerna for fyrste gong
bar bod om ein frelsar:
Fattig og rik går fram og helsar
eit nyfødt barn med song.
Den store stjerna gav oss ord
med ei von for vår veike bror.*

*Den store stjerna i natta kald
har synt oss eit under.
Lysar med trøyst i tunge stunder
for folk i tusental.
Den store stjerna høg og klår
er vårt ljøs på den veg vi går.*

*Den store stjerna står klar som før
og ber oss å dela,
gje alt vi kan, og såre hela
hos våre svoltne brør.
Den store stjerna gjer oss fri
med sitt bod no ved juletid.*

Join Us Ten Sing

syng på følgjande arrangement før jul:

- Kyrkjelydens julemesse 24. november
- Ung lysmesse i Os kyrkje 12. desember
- Gudstenesta kl 14.00 julaftan

Oppstart etter jul vert onsdag den 9. januar.

Os Vocalis presenterer Natt over jorden

Kom i julestemning med Os Vocalis og pianist Frode Skag Storheim Dirigent: Eirin Beate Åserud-Løvlid.

**Torsdag 6. desember
kl. 19.00 i Os kyrkje**



Pris: Vaksne kr 100,- / Barn kr 50,-

Konsert med KYRIAKE

**i Nore Neset kyrkje,
søn. 11. nov. kl. 19.00**

Piano ved Linda Haugland. Innslag ved elevar og lærar/pianist Marit Aas frå Kongsjaug. Kollekt til dekking av konsertutgifter.

Velkomne!

Julefest for små og store

I Nore Neset kyrkje, lørdag 5. januar kl. 17.00

Program: Dramastykket «Ulla Krulle og julemysteriet». Musikk, god mat og juletrgang. Pris: 150,- pr. familie.

Enkel billett: kr.50,- for vaksne og kr.30,- for barn.

Søndagssamling

2. desember kl 17:00 i Storsalen, Tunet Kyrkje- og kultursenter. Bibelfortelling. Prat og kaffe. Musikk ved Linn Kjerstin Rondestveit med venner.

NMS GJENBRUK OS

MILJØ, MØTEPLASS & MISJON

Opningstider: Måndag til fredag kl 11-17, laurdag kl 11-15.




Her finn du det meste - til ein rimeleg pris!

Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

MILJØ MØTEPLASS MISJON



Følg oss på Facebook
"NMS Gjenbruk Os"



DRANGE BRUK A/s

Høvel- og skurdlast

Panel - lister - golv

Trykkimpregnerte materialar

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51
5215 LYSEKLOSTER

Støtt våre annonsører



Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

**Trenger du en elektriker?
Ta kontakt med Geir Skarding:
Mob. 91129784**

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no



ING. G. VÅGE A.S

5217 Hagavik
Telefon.: 56 30 55 39
E-mail: g-vaage@online.no
www.vaage.as

- Autorisert elektro og teleinstallatør
- Vedlikehold

*Laveste priser i bransjen?
Når du trenger elektriker
kontakt Gunnar*

DRENERING • MURING • SPRENGING



BOTNEVIK

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID



TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS Boks 274, 5203 Os
Tlf. 56304300
e-post: os@travelnet.no | www.verden.no

REISEGARANTI
RGF
FONDET



FUSA GRAVMONUMENT ØYVIND HELLAND

Tlf.: 56 58 14 06
Fax: 56 58 39 99
Mob: 48 25 56 50

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse
- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar.

KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

PM Sælen & Co AS

Tlf. 56 30 44 90



www.jernia.no

GRAVMINNER

Stor salgsutstilling av nye monumenter
Tilføyelser / Oppussing



STEINRIKET

EIKNER NATURSTEIN
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN
TLF. 55 98 70 00



Os Gravferdsbyrå as

**Døgntelefon
56 57 49 50**

Jorunn Moberg
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no



DØYPTE

19. august

Ingrid Austevoll
Eirik Engelsen Hatlem
Kornelia Østgulen Johnsen
Hennie Laupsa-Buvik
Mille Skåtøy Matre
Guro Teigen Moldskred
Nova Lyssand Nilsen
Johan Fjellbakk Øvstedal
Ivar Tongsook Riley
Eon Emilian Nordeide Spjeld
Christian Akerø Tveiten

2. september

Luna Brekke
William Oen Leganger-Hansen
Ada Apelthun Lekve
Cornelia Prestegard

9. september

Lina Øvreeide Løne
Emil Aasgard Lyngøy
Amalie Førsvoll Tveit

16. september

Ylva Lomeland Gåsemyr
Helene Martinussen Nordås
Ruth Tiril Nordås

23. september

Henrik Bø
Gabriel Bukkøy Johannessen
Anne Svendsen-Hauken

7. oktober

Thea Hernes Andersen
Mons Eide
Milia Tysnes Haringstad

Liam Alexander Grenasberg
Linder
William Berntsen Lunde
Johannes Askvik Sørstrønen

14. oktober

Olai Lyssand Haga
Olivia Lihaug Hetleflåt
Nora Tveit Husebø
Isolde Agate Bergesen Landro
Anna Sælen Lyssand
Oline Solberg Pettersen
Elina Vik Rivenes
Iben Tunes Skage
Norah Drange Walle

VIGSEL

Os kyrkje 18. august

Lene Abrahamsen Tysnes
& Geir-Andre Johnsen

Agnethe-Céline Eide &
René Refsland

Kristin Borgen &
Thomas Lundquist

Nore Neset kyrkje

18. august

Katrine Bakervik Gjerde &
Tommy Lunde

Lyse Kloster kapell

18. august

Anne Kristin Kjosås &
Frode Ståle Rikstad

Os kyrkje 25. august

Christina Aase Askvik &
Christian Mobergslien

Marit Mehammer &
Erik Kongsvik Holdhus

Nadia Smedsvik &
Thomas Myrvold Ølness

Os kyrkje 15. september

Tove Fjereide Eide &
Ole Martin Eide

Os kyrkje 22. september

Kine Nyhammer &
Marius Folkestad

Katrine Øvredal Viken &
Daniel Kelly

DØDE

Erling Ingemar Røttingen

f. 14.03.1946 - d. 09.08.2018

Henrik Eidsvik

f. 27.06.1967 - d. 11.08.2018

Hildur Tordis Haarstad

f. 28.10.1942 - d. 19.08.2018

Inger Johanne Feste

f. 11.02.1941 - d. 29.08.2018

Rolf Rasmussen

f. 12.12.1947 - d. 30.08.2018

Steinar Nyborg

f. 29.01.1961 - d. 04.09.2018

Johannes Martin Hjelle

f. 08.04.1936 - d. 11.09.2018

Tom Kyte Gausvik

f. 14.08.1977 - d. 19.09.2018

Jan Terje Skutlaberg

f. 20.12.1940 - d. 26.09.2018

Kjell Bjarne Leganger

f. 06.08.1944 - d. 02.10.2018

Guttorm Gjerde

f. 27.09.1944 - d. 04.10.2018

Leif Hjertnes

f. 08.04.1931 - d. 04.10.2018

Trygve Bjerkestrand

f. 22.06.1930 - d. 05.10.2018

Kåre Olav Njøten

f. 15.04.1947 - d. 09.10.2018

Trekningsliste misjonsmessa 20. oktober

Duk, Hardangersaum:

Marianne Padøy

Dokke m/klær og trille:

Familien Signe Hodneland

Trillekoffert :

Familien Wivegh

Juleduk: Anny og Kaare Bakke

Le Creuset gryte: Karoline Hjelle

Lego: Astrid og Terje Svendsen

Turkniv: Arne Tveit

Tova bilete: Per Torgeir Nilsen

Dbl.sengesett: Lill Karin Wallem

Fiskestang: Jannike Våge

Brodert pute: Margrethe
Holmboe Askeland

Tursekk: Anne Jorunn
Øyjordsbakken

Lampe: Grethe Inger Berge

Strikket genser:

Leticia, c/o Analice Brekke

Cathrine Holm bolle: I

ngfrid Åkre

2 billetter til Barbettes

gjestebod: Harald Døsen

Dobbel sengesett:

Hanna Hagerup

Pledd: Kari Sørheim





Planlagte gudstenester i Os kyrkjelyd

Os kyrkje	Nore Neset kyrkje
04.11.18 kl 11.00: Dâp. Nattverd.	04.11.18 kl 11.00: Minnegudsteneste.
04.11.18 kl 19.00: Minnegudsteneste.	11.11.18 kl 11.00: Myldregudstente. Dâp. Babysong og ShubaDubs deltek.
11.11.18 kl 10.00: Dâp.	25.11.18 kl 11.00: Dâp. Nattverd.
11.11.18 kl 11.15: Nattverd	
18.11.18 kl 11.00: Dâp. Nattverd. Born frå Lys vaken deltek.	02.12.18 kl 11.00: Dâp. Nattverd. Born frå Lys Vaken deltek.
25.11.18 kl 11.00: Lovsong og band. Dâp. Nattverd.	24.12.18 kl. 14.30 og 16.00: Julaftan
	26.12.18 kl. 11.00: Dâp.
02.12.18 kl. 11.00: Dâp. Nattverd. Speidarane deltek.	13.01.19 kl. 11.00: Dâp. Konfirmantar deltek.
09.12.18 kl. 10.00: Dâp.	27.01.19 kl. 11.00: Dâp. Nattverd.
09.12.18 kl. 11.15: Nattverd. Konfirmantar deltek.	
12.12.18 kl. 19.00: Lysmesse.	
16.12.18 kl. 11.00: Dâp. Nattverd.	
24.12.18 kl. 14.00, 15.15 og 16.30: Julaftan	
25.12.18 kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste. Nattverd.	
01.01.19 kl. 11.00: Nattverd	
06.01.19 kl. 11.00: Dâp.	
13.01.19 kl. 10.00: Dâp.	
13.01.19 kl. 11.15: Nattverd.	
20.01.19 kl. 11.00: Lovsong og band.	
27.01.19 kl. 11.00: Dâp. Tårnagentane deltek.	

Luranetunet

24.12.18 kl. 11.00: Julaftan

Sjå www.kyrkja.no/os for oppdaterte opplysningar.

OS Kyrkjelyd

TILSETTE:

SOKNEPREST:

Margrethe Holmboe Askeland,
Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05
Mob: 979 51 006, mha@os.kyrkja.no

KAPELLAN I OS

Roar Hallesby Evjedal, rhe@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

SENIORPREST

Knut-Ivar Askeland. kia@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 07, mob: 905 64 628

KYRKJEVERGJE/DAGLEG LEIAR:

Gerhard Hansen, gah@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 03, mob: 911 62 199

SEKRETÆRAR:

Elin Oldervoll Moberg,
tlf. 56 57 24 02, eom@os.kyrkja.no
Monica Refsdahl
tlf. 56 57 24 13, mr@os.kyrkja.no

UNGDOMSARBEIDAR:

Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no,
tlf 56 57 24 17 / mob. 476 56 541

KATEKET:

Hildur Løkken Lillestøl, hll@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 14, mob: 452 75 553

DIAKON:

Ingrid Vik, iv@os.kyrkja.no,
tlf. 56 57 24 06, mob: 450 51 212

KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, aph@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 11
Anton Proskurnin, ap@os.kyrkja.no
mob.: 482 32 977

FRIVILLIGKOORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ijh@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

KYRKJELYDSPEDAGOG

BARNE- OG FAMILIEARBEID:

Gro Helen B. Skjælaaen, ghs@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

KYRKJELYDSARBEIDAR:

Hege Varhaug-Lekven (i permisjon)
Janne Fagerås, jf@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 09

DRIFT AV KYRKJER, TUNET OG

GRAVPLASSAR:

Driftsleiar Reidar Berge (mob 416 52 042),
Trygve Helgesen, Marianne Tveit, Øyvind
Dreyer og Linn Kjerstin Rondestveit

Oversikt over kva vi har fått inn i takkoffer sidan 5. august 2018

Dato	Takkoffer til	Beløp
05.08.2018	Kirkens SOS	kr 3 130,-
12.08.2018	Konfirmantarbeidet i kyrkjelyden	kr 4 122,-
19.08.2018	Tunet	kr 11 699,-
26.08.2018	MALAWI - bistandsprosjekt for Helse Bergen	kr 18 377,-
02.09.2018	Misjonsprosjektet	kr 7 249,-
09.09.2018	Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden	kr 5 993,-
16.09.2018	Tunet	kr 6 909,-
23.09.2018	Søndagsskolen, Bergen krets	kr 7 357,-
30.09.2018	IKO - Kirkelig pedagogisk senter	kr 6 968,-
07.10.2018	Barnearbeidet i kyrkjelyden	kr 6 592,-

Avs:

Os kyrkjelyd

Postboks 209

5202 Os

BARNESIDA



BARNAS SIDE

Finn vegen til Betlehem!

Hjelp gjetarane og vismennene å finne vegen til stallen der Jesus er fødd!



Finn 8 namn frå juleforteljinga!

Namna på åtte personar og byar frå juleforteljinga er gøymde inni rutenettet under. Kan du finne dei?

O	G	S	K	U	E	M	B	O	K
M	A	P	N	I	K	S	E	B	I
A	B	R	A	H	A	M	T	E	L
R	R	I	S	O	U	Y	L	M	A
I	I	N	A	S	G	R	E	U	M
A	E	G	R	P	U	A	H	T	O
K	L	Ø	E	I	S	V	E	Å	T
T	I	T	T	E	T	I	M	K	O
J	O	S	E	F	U	S	S	U	R
T	R	E	L	I	S	A	B	E	T

Finn 5 feil

Teikning: Emily Fox

Gjeterane fann den nyfødde frelsaren i ei krubbe, akkurat som engelen hadde sagt. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Disse oppgåvene
er henta
frå bladet.

Bestill
abonnement

på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



- Pappa, er pærer grøne?
- Ja.
- Er dei saftige?
- Ja.
- Har dei fire bein og eit hovud?
- Nei.
- Æsj, då har eg nok ete ein frosk.

Vitsar

- I år er nyttårsloftet mitt å ete endå meir godteri.
- Du meiner vel endå mindre?
- Nei, det var i fjor. I år vil eg ha eit løfte eg klarer å halde.